

TEATER & scene

sarah@klassekampen.no

TEATER I KLASSEKAMPEN:

Gjennom hele året anmelder Klassekampen aktuelle premierer på norske scener. Våre kritikere kan kontaktes på teater@klassekampen.no.

Vi trykker også essays og intervjuer om norsk scenekunst.

Tips til våre teatersider kan rettes til Sara Hegna Hammer: sarah@klassekampen.no



Therese Bjørneboe
Teaterkritiker og redaktør for Shakespearetidsskriftet



Idalou Larsen
Teaterkritiker, kulturjournalist og oversetter



Amund Grimstad
Teaterkritiker og arkitekt



MYKJE: «Andersen har nok stroke mye, men ikkje nok. Å lese slike mengder fakta i ei bok med høve til fordøyande avbrot, er noko anna enn å få det presentert utan særleg dramatisering, i høgt tempo og med ein entusiasme som i liten grad gir rom for pause og refleksjon» skreiv Amund Grimstad om «Havboka» på Hålogaland Teater.

ANMELDELSE I KLASSEKAMPEN LØRDAG 11. FEBRUAR

NYLIG ANMELDT



UTEN DØDPUNKTER: «Dette er 'Hamlet' i høyt tempo og helt uten dødpunkter. Ved å la Hamlet ha en slags kritisk distanse til det han driver med, legger man merke til teksten på en annen måte enn tidligere», skreiv Charlotte Myrbråten om «Hamlet» på Den Nationale Scene.

ANMELDELSE I KLASSEKAMPEN MANDAG 6. FEBRUAR

«Jerada» og «Displacement» viser oss to variantar av mennesket i eit eksistensielt ørkenlandskap.

Ørken-meditasjonar



Elin Høyland
KOMMENTAR

«Displacement» og «Jerada» er begge førestillingar som inviterer oss inn i ein form for meditatativ tilstand – den eine med djupt tragiske undertoner, den andre med sterk vitalitet.

I «Jerada», på Scene 2 på Operaen i Oslo, går dansarane i Carte Blanche, under koreografisk leing av den marokkanske dansaren og koreografen Bouchra Ouizguen, inn i rotasjonskunstens spirituelle potensial utan å miste grepet om mennesket som jordisk og kollektiv eksistens.

Det starter i ein svakt belyst black box utan andre scenografiske virkemiddel enn ein lyskastar, og ein om lag ti minuttar lang solo, kor ein mannleg dansar kledd i svart kjem roterande inn på scena. I løpet av denne sekvensen oppstår ei rekke poetiske bilete på ei basal og samstundes unaturleg rørsle – å spinne rundt sin eigen akse, lenger enn det våre balansenetre normalt tillater, (noko einkvar vel har testa ut som enklaste vel til fri rus i barndommen).

Den svartkledde skikkelsen blir for meg til ein form for urban sufi, kor motivet later til å vere rørsle i seg sjølv, heller enn gudstilbeding. Det gir meg likevel ei kjensle av å vere del av eit initieringsrituale, ei åpning inn i ein om ikkje høgare, så definitivt reinare tilstand. Eg kjenner frå byrjinga sitatet frå Bouchra som presenterer førestillinga, ta fysisk form: «Det første steget inn i ørkenen – prosessen – tar livet av det overflødig. I ørkenen finnes intet overflødig, kun det nødvendige.» Den svarte black boxen blir her eit ørkenlandskap, kor alt



RUNDT OG RUNDT: «Jerada» er ei førestilling med ei nerve så sterk at det er det beste som kunne skje på ei scene. FOTO: ARASH NEJAD

eller ingenting kan skje, og kor altså det roterande mennesket blir satt i eit nærast planetarisk relieff. Sola blir introdusert gjennom ein enkel lyskastar som den første solo-dansaren stiller seg under i eit av få opphald frå det gjennomgåande rotasjons-motivet i koreografien. At han roterer på sokkelresten, gir igjen kjensle av noko urgammalt og samstundes moderne og gir og den sensoriske assosiasjonen til føter i varm sand. Det mjuke og varme.

Føtene spinner i solvarm ørkensand, glatt som is, svart som jord, på dei nakne dansemattene som utgjør scena. Den første soloen blir avløyrt av ein ny dansar som kjem roterande inn på scena. Den visuelle kontrasten mellom dei to er sterk, og

snart kjem ein tredje, etter kvart ei fjerde, og slik spinner førestillinga oss vidare inn i ein koreografi kor det meditative og spirituelle går i naturleg dialog med eit landskap av sterke karakteristiske individ i eit slags uannonisert battle: for kvar nye dansar som entrer scena er det som å sjå ei ny livsform framtre, i kjente, men likevel unike og sjølvtiltrekkelige fysiske utfalding.

Det kan høyrast monotont ut, men det blir tvert i mot til ei førestilling med ei nerve av rein vitalitet så sterk at førestillinga gjenstår for meg som noko av det beste som kunne skje på ei scene. Musikken som var eit opptak frå ein live-prøve med dansarane og Dakka Mar-rachkia Baba's Band i Marrakech, forsterker



TUNGE UNDERTONAR: I «Displacement» dannar dei tre dansarane eit felles skap kor det ikkje lenger finnes eit tydeleg individ. FOTO: LAURA GIESDORF

assosiasjonane til ein kultur knytta til nomadisk ørkenliv, med sterke, tunge rytmer og mannsstemmer som veksler mellom det klagande og kanskje guds-tilbedande når alt kjem til alt?

I eit scenisk klimaks går ensemblet inn i ein fysisk, leiken og livsbejublande sekvens kor rotasjons-mønsteret går over i rask løping rundt og rundt på scena, medan aktørane kaster på dunger av klede dei vekselvis kler av og på seg og kaster til kvarandre.

Tempoet, driven, klapping langs sidelinja og ei form for fest-stemming på scena framkallar eit bilete av mennesket i rein form, avkledd sine identitetsmarkeringar som her i form av klede blir til reine filler i møte med krafta i ei kollektiv sjølvstretning (!) – sceneaktørane er

blitt til glade, kanskje gale gudar, men det etterlet oss med ei kjensle av håp: ei sentrering rundt eigen akse som tek oss tilbake til ei gløymd, eller ny form for urkraft kor mennesket kan legge ny grunn for ein eksistens kor sjølvrealisering erlik grunnplanet for ekstas-tisk samhandling?

Det er dette håpet eg gjerne skulle flytta Mitkhal Alzghair og hans medaktørar på scena i «Displacement», på Black Box i Oslo, over i. Syriske Alzghair med base i Frankrike tek oss i likskap med Bouchra inn i eit slags ørkenlandskap, med eit tilsvarande fokus på eit repeterande koreografisk modus, men med langt tyngre undertonar. Med gjenkjennlege rytmar og tre-steg frå syrisk folkedans, går Alzghair inn i komplekset mellom

kulturarv og dei samfunns-oppløysande tilstandane av revolusjon, borgarkrig, undertrykking og flukt som no preger det syriske folket, og oss alle som verdsborgarar. I likskap med «Jerada», starter «Displacement» i ein tom black box, berre med eit par svarte skinnstøvlar på scena. Gjennom eit nedstrippa scenspråk og eit nærast apatisk scenenærvarer skaper Alzghair eit rom kor mennesket blir dradd mellom det kjente og ukjente og blir overlatt i ei form for transe kor grensegangen mellom fellesskap og valdsutøving ikkje lenger finnes. I siste halvdel av førestillinga kjem to dansarar til på scena (Rami Farah og Shamil Taskin) utan at dette løyser problemet – dei tre danner eit fellesskap kor det ikkje lenger finnes eit tydeleg individ. Det er eit

fellesskap kor det individuelle mennesket kanskje og til slutt møter sin kjerne av noko guddommeleg, men her som einaste veg ut av sorgen over menneskelivet sine destruktive og bestialske sider. Transen oppstår via negativa og opner eit nullpunktslandskap, kor i beste fall, Jeradas livsbejaande basalttilstand kanskje igjen kan oppstå.

Dei to førestillingane understreker samtidsdansen som eit ekstremt sterkt formspråk for vår tid – i møte med våre gudar og demonar, og vilja til å undersøke komplekset mellom dei naturgitte og kulturelle føringane for våre eksistensielle omdreinings-aksar.

Elin Høyland
teater@klassekampen.no



SHERWOODSTOCK: Ein forrykande bistandskonsert skal erstatte stelinga frå dei rike.

FOTO: BERRE V/JENS WESTBYE

Leik med klisjear



Amund Grimstad
MUSIKAL

«Robin Hood – Rai Rai i Sherwoodskogen»

Trøndelag Teater, Hovudscena
Av: Mads Bones og Olve Løseth.
Regi: Mads Bones.
Scenografi: Olav Myrtdvedt.
Kostyme: Christina Lovery.
Lysdesign: Eivind Myren.
Musikalsk leiar: Åsmund Flaten.
Koreografi: Martha Standal
Med: Gunnar Eiriksson, Mari Hauge Einbu, Olve Løseth, Hans Petter Nilsen, Anne Krigsvoll, Frode Rasmussen, Ingrid Bergstrøm, m.fl.

MELDING

Ein hemningslaus og underholdande leik med melodramatiske klisjear.

I staden for å hente råstoff til årets vårmusikal frå London eller New York, har Trøndelag Teater latt det særskreative radarparet Mads Bones og Olve Løseth hauste frå den lokale populærmusikken.

Med utgangspunkt i segna om Robin Hood har dei laga ei historie som meir og meir tar form av ein parafrase over Romeo og Julie med

happy ending, ausa av den uendelege songskatten frå dei siste femti års populærmusikk frå Midt-Norge, og laga ein musikal som er sin eigen sjanger og som difor legg ein del premiss du berre må akseptere. Gjer du det, får du til gjengjeld strålende underholdning i høgt tempo, mye lys og varme og ei rekkje overraskingar.

Rickard Løvehjerte (Frode Rasmussen) er på Lesbos på vegner av «Kongar utan grenser», og Lady Marion (Mari Hauge Einbu) tar utdanning hjå Paul McCartney i Liverpool. I mellomtida styrer den infame og pedofile sheriffen av Nottingham (Hans Petter Nilsen) på den affekterte fjollen prins Johans (Olve Løseth) nåde. I Sherwoodskogen har «løvetennene» forskansa seg med peace & love og si særegne form for bistandsarbeid under leing av Robin Hood (Gunnar Eiriksson).

Førteljinga gir rom for konfliktar, fredsmekling, bistandskonserten «Sherwoodstock», action og mye romantikk, og trass i ei tullele handling, mye ganske klein humor og ein god del dårleg smak, er det likevel ei fornøyleg historie med god dramaturgisk stigning.

Med utgangspunkt i segna om Robin Hood har dei laga ei historie som meir og meir tar form av ein parafrase over Romeo og Julie med

ken, og til Gåte og Ary, og lånt heile 37 låtar frå eit nærare tjuetals artistar.

Sjølv om songane er kjent stoff, verkar det likevel innhaldsmessig som om alt er skrivne for denne musikalen. Det skuldast i stor grad Åsmund Flatens eminente arrangement og solide musikalske leing der mange av songane får nytt liv og overgår originalen. Dyktige songarar i dei fleste ledd gjer også sitt.

Olav Myrtdvedts scenografi er kreativ og stemnings-skapande og gir gode rom for fine skift, og dei fantasifulle kostyma til Christina Lovery var eit maskeradeball i seg sjølv. Ensemblet spelar i høgt tempo med ein enorm speglede, velkoreografert, og solid leia av Gunnar Eiriksson og Mari Hauge Einbu der dei boltrar seg i overspel, klisjear, gags, bannskap, bad taste og framifrå songnummer. Ein ekstra sviske var det å få sjå Anne Krigsvoll heime att på Trøndelag Teater der ho som amme (Amme Krigsvoll, ha ha) synte kor dyktig ei birolle kan gjerast.

Årets vårmusikal er eit velregissert oppkomme av gjøgglarglede, eit publikumsfriar av dei sjeldne, og eit overtydande prov på kor rik den midtnorske songskatten er.

Amund Grimstad
amund@amund.no